



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 07.05.2014

Sak nr.: 14/3079-2

Internt l.nr.: 14432/14

Sak: 19/14

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 07.05.14**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Utkast til årsmelding for kontrollutvalet 2013 – vert ettersendt

Utvalet kom med innspel om nokre tekstmessige endringar som vert tekne inn i årsmelding som vert lagt fram for utvalet til handsaming i neste møte.

2. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar orienterte om at han har invitert fylkesordførar til neste møte i kontrollutvalet for å delta i diskusjon rundt prosessen ved utarbeiding og utsending av pressemeldingar frå kontrollutvalet.

Kontrollsjef orienterte om status på saka «Attestasjonsrapport om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde». Kontrollsjefen vurderer seg som inhabil til utarbeiding av saksframlegg i saka, då han har gjeve innspel i samband med uttalen frå fylkesrådmannen som er vedlagt rapporten. Kontrollutvalet slutta seg til kontrollsjefen si vurdering, og vedtok å forespørje sekretariatet for kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune om å utarbeide saksframlegg.

Kontrollsjefen orienterte utvalet etter deltaking i representantskapsmøte i SF revisjon IKS 25.04.14.